



# DEN NORSKE KIRKE

## Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd

### Høyringsinstansane

Dato: 09.02.2009

Vår ref: 09/42-2 KAA

Deres ref:

### Høyring - Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja

Kyrkjerådet inviterer med dette til høyring på utkast til ny plan for trusopplæring i Den norske kyrkja. Ei rekke instansar og organisasjoner får tilsendt planutkastet og høyringsspørsmål. I tillegg er høyringa open for andre som ønskjer å avggi høyringssvar. Planen kan lastast ned på nettsida [www.kirken.no/storstavalt](http://www.kirken.no/storstavalt).

#### Bakgrunn

I 2003 starta Trusopplæringsreforma i Den norske kyrkja med ein femårig forsøks- og utviklingsfase. På bakgrunn av dette forsøks- og utviklingsarbeidet i reforma vedtok Kyrkjerådet i 2007 (Sak 10/07) å gi Styringsgruppa for Trusopplæringsreforma ansvaret med å utvikle planen i nært samarbeid mellom sekretariatet i Kyrkjerådet og trusopplæringssekretariatet. Plan for trusopplæring vil erstatte Plan for dåpsopplæring i Den norske kyrkja (1991) og Plan for konfirmasjonstida (1998).

Kyrkjemøtet skal behandle forslaget til Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja hausten 2009. Dette blir gjort med heimel i kyrkjelova § 24 b: "*Kirkemøtet fastsetter retingsgivende planer og programmer for den kirkelige undervisning, diakoni, kirkemusikk og for okumenisk virksomhet...*".

#### Planprosess

Erfaringane som er gjorde i forsøks- og utviklingsfasen, ligg til grunn for den nye planen. I arbeidet med å ferdigstille planen har det blitt lagt vekt på ei brei involvering av ulike fagmiljø og kompetansesentre. Det er sett i gong FoU-arbeid, arrangert konferansar og gjennomførde om lag 30 planverkstader med deltakarar frå både lokale kyrkjelydar, organisasjoner og andre fagmiljø. Innspela frå desse har gitt mange ulike synspunkt på korleis planen skal utformast. Det høyringsutkastet som ligg føre, prøver å ta vare på dei ulike innspela som har kome i planprosessen.

#### Om planen

*Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja* er ein retingsgivande plan. Trusopplæringa i den einskilde kyrkjelyd skal utviklast ut frå det lokale behovet og ressursane på kvar stad, og det er ein føresetnad at det blir utarbeidd ein lokal plan for trusopplæring.

*Plan for trusopplæring* er eit ressursdokument til bruk i planarbeidet i dei lokale kyrkjelydane. Kapittel 1–6 omtalar grunnlagstenking, innhald, oppbygging og tverrgåande perspektiv for trusopplæringa. Kapittel 7–9 omtalar lokalt planarbeid, administrative forhold og verktøy for gjennomføringa av trusopplæringa.

Som vedlegg følger skjemaet som er utvikla til hjelp for planarbeidet i den einskilde kyrkjelyden. Det er også utarbeidd døme på tre lokale planar der det heilskaplege opplegget frå 0-18 er skissert. Vedlegga inngår ikkje i høyringa.

## Høyringsspørsmål

Kyrkerådet ønskjer høyringsinstansane sine synspunkt på planen. Den enkelte høyringsinstansen blir invitert til å svare på alle høyringsspørsmåla, men har høve til å fokusere på dei områda av planen som er særleg relevante for dei. Det overordna spørsmålet er om planen vil vere ein tenleg reiskap for det lokale planarbeidet i kyrkjelyden med tanke på å utvikle ei systematisk trusopplæring som fremjar kristen tru, gir kjennskap til den treeinige Gud og gir hjelp til livstolking og livesmeistring for alle døypte i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsnivå.

### 1. Forord og kapittel 1 "Livslang læring"

1 a) I forordet blir måla i planen presenterte, føremål og oppbygging.

Kommentar til forordet:

1 b) Kapittel 1 omtalar samanhengen mellom dåp og læring, forståing av kyrkjelyden som lærande fellesskap, kort historikk og eit helskapleg læringssyn.

Kommentar til kapittel 1:

2. Kapittel 2 omtalar trusopplæring i kyrkja under overskrifta "Vi deler". Kapitlet vil gi hjelp til refleksjon, kartlegging og impulsar til idéutvikling i kyrkjelyden sitt lokale planarbeid.

2 a) Kapitlet utdjupar forståinga av kyrkjelyden som læringsfellesskap, forståinga av born, unge og vaksne i trusopplæringa og refleksjonar rundt innhald og arbeidsmåtar i trusopplæringa. Har de synspunkt på dette?

2 b) Kapitlet omfattar praksisforteljingar, kommenterande tekst og spørsmål til refleksjon og samtale. Gi ein vurdering av korleis dei ulike elementa fungerer:

- Praksisforteljingane:
- Kommenterande tekst:
- Spørsmåla:

2 c) Andre kommentarar til kapittel 2:

3. Kapittel 3 omtalar innhaldet i trusopplæringa gjennom tre aspekt som må haldast saman: "Livstolking og livesmeistring", "Den overleverte trua til kyrkja" og "Kristen tru i praksis".

3 a) Er dette ei tenleg framstilling av innhaldet i trusopplæringa?

Ja/Nei - Dersom nei, kva må endrast?

3 b) Har presentasjonen eit formålstenleg detaljeringsnivå?

- Formålstenleg:
- For generelt:
- For detaljert:

3 c) Andre kommentarar til kapittel 3:

4. Kapittel 4 omtalar oppbygging og grunnleggjande føresetnader i trusopplæringa for utvikling av den lokale trosopplæringsplanen i kyrkjelyden.

4a) Har de kommentarar til dimensjoneringsnormen på 315 timer?

- For få timer:
- Passe:
- For mange timer:

4b) Har de kommentarar til omalten av timeutrekninga?

4c) Kapitlet omtalar eit heiskapleg læringsløp frå 0 til 18 år, men skisserer fokus, omfang, innhaldselement og tiltak for tre ulike aldersspenn. Har de synspunkt på dette?

4 d) Andre kommentarar til kapittel 4:

5. Kapittel 5 omhandlar konfirmasjonstida.

5a) Konfirmasjonstida blir omtalt i eit eige kapittel for å framheve den plassen konfirmasjonen har i trusopplæringa. I tillegg vil det bli utarbeidd ei handbok til bruk i konfirmasjonsundervisninga. Har de synspunkt på dette?

5b) Det blir foreslått å utvide konfirmasjonstida til 60 timer fordelt over eit tidsrom på åtte til tolv månader (jf. Rettleiing for utrekning av timer i kap.4).

Kva synest de om dette timetalet?

- For høgt:
- Passe:
- For lite:

5 c) I planen er det foreslått at konfirmasjonstida normalt skal gjennomførast det året konfirmantane fyller 15 år. Tidlegare dispensasjonsprosedyre utgår. Har de kommentarar til dette?

5 d) Andre kommentarar til kapittel 5:

6. Kapittel 6 omtalar ei rekkje tverrgåande perspektiv (sjå under) som set trusopplæring i samanheng med det heilskaplege livet og virke i kyrkjelyden. Kapitlet gir innspel og hjelp til refleksjon rundt korleis det kan utarbeidast strategiar for å ta vare på desse perspektiva i kyrkjelyden si trusopplæring.

6 a) Må alle perspektiva vere med i planen?

Ja/Nei - Dersom nei, kva kan ein ta ut?

6 b) Er det andre perspektiv som manglar?

Ja/Nei - Dersom ja, kva for perspektiv?

6 c) Kommentar til kapittel 6:

- Samarbeid med heimen og familien:
- Medverknad frå born og unge:
- Inkludering og tilrettelegging:
- Gudsteneste:
- Diakoni:
- Kyrkjemusikk og kultur:
- Friviljug medarbeidarskap:
- Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar:
- Tverrfagleg samarbeid:
- Kommunikasjonsarbeid:

7. Kapittel 7 omtalar prosessen med å utarbeide ein lokal plan for trusopplæring.

7 a) Gir framstillinga hjelp til denne prosessen?

Ja/nei - Dersom nei, kva må endrast?

7 b) Andre kommentarar til kapittel 7:

8. Kapittel 8 omtalar ordningane i dag når det gjeld ansvarsforhold, tenesteordningar og kyrkjelov.

8 a) Er det behov for å endre nokon av dei gjeldande ordningane for å ta vare på ei fornya trusopplæring?

Ja/Nei - Dersom ja, kva bør endrast?

8 b) Forslag til plan for trusopplæring har som føresetnad at kyrkjelyden sin plan skal godkjennast av biskopen. Har de synspunkt på dette?

8 c) Andre kommentarar til kapittel 8:

9. Kapittel 9 viser til malar og verktøy for lokal planprosess og vil bli gjort tilgjengeleg på [www.kirken.no/storstavalt](http://www.kirken.no/storstavalt)

Kommentar til kapittel 9:

10. Heilskapleg vurdering og generelle kommentarar
- 10 a) Vil planen vere ein tenleg reiskap for det lokale planarbeidet i kyrkjelyden med å utvikle ei systematisk og samanhengande trusopplæring?
- Ja/Nei - Dersom nei, kva må endrast?
- 10 b) Gir planen gode nok retningslinjer til kyrkjelydane for å utvikle ein lokal plan som skal godkjennast av biskopen?
- Ja/Nei – Dersom nei, kva manglar/må endrast?
- 10 c) Er det delar av planen som bør utvidast/forkortast?
- 10 d) Er det andre ting som ikkje er med i planen, men som burde ha vore med?

### Høyringssvar

Svar på spørsmåla i høyringsbrevet skal fyllast inn i eit elektronisk skjema som følgjer strukturen i høyringsbrevet. Det elektroniske skjemaet er tilgjengeleg på [www.kirken.no/storstavalt](http://www.kirken.no/storstavalt). I menyfeltet på venstre side under "Høring" finst både planen og høyringsskjemaet. Der finn ein også rettleiing for registrering og innlogging. Fleire eksemplar av planutkastet kan tingast på e-post: [materiell@kirken.no](mailto:materiell@kirken.no)

**Kyrkjerådet ber om å få høyringssvara innan 20. april 2009.** Eventuelle spørsmål kan rettast til Kristine Aksøy, fungerande seksjonsleiar for born, unge og trusopplæring.  
Tlf: 23 08 12 88  
E-post: [kristine.aksøy@kirken.no](mailto:kristine.aksøy@kirken.no)

Med venleg helsing

Gerd Karin Røsæg  
Gerd Karin Røsæg  
assisterende direktør

Kristine Aksøy  
Kristine Aksøy  
fung. seksjonsleder

## **Oversyn over høyringsinstansar:**

### **Kyrkjelege organ, organisasjonar og institusjonar**

Biskopene  
Bispemøtet – til orientering  
Bispedømmerådene  
Kultur- og kirkedepartementet – til orientering  
Utvalgte menighetsråd (liste)  
Utvalgte kirkelige fellesråd (liste)  
Samisk Kirkeråd  
Mellomkirkelig råd

Den norske kirkes nord/sør-informasjon  
IKO - Kirkelig pedagogisk senter  
KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon  
KIFO, Stiftelsen Kirkeforskning  
Liturgisk senter  
Nasjonal gruppe for funksjonshemmede  
Samarbeidsråd for menighet og misjon  
Utvalg for ungdomsspørsmål  
Utvalg for kjønn og likestilling

Diakonisenteret Lovisenberg  
Døvekirken  
For Bibel og Bekjennelse  
Norges Kristelige Studentforbund  
Norges Kristne Råd  
Sjømannskirken

### **Fakultet og høgskular**

Det teologiske fakultet ved Universitetet i Oslo  
Det praktisk-teologiske seminar ved Universitetet i Oslo  
Det teologiske Menighetsfakultet  
Diakonhjemmet Høgskole  
Dronning Mauds Minne  
Høgskolen Diakonova  
Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag ved Høgskulen i Volda  
Høgskolen i Staffeldtsgate  
Kirkelig Utdanningssenter i Nord  
Misjonshøgskolen  
Musikhøgskolen  
NLA Høgskolen  
NLA Lærerhøgskolen  
Institutt for musikk ved NTNU, Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet  
Samisk Høgskole

### **Yrkes/fagorganisasjonar**

Den norske kirkes presteforening  
Det norske Diakonforbund  
Fagforbundet, Seksjon kirke, kultur og oppvekst  
Fagforbundet TeoLOgene

Kateketforeningen, Den norske kirkes undervisningsforbund  
Kristent Pedagogisk Forbund  
Musikernes fellesorganisasjon  
Kirkeansatte  
Norsk Kvinnelig Teologforening

**Utvalde barne- og ungdomsorganisasjonar**

ACTA – Barn og unge i Normisjon  
Den norske Israelsmisjons ungdomsbevegelse, Return2sender  
Det Norske Misjonsselskaps barne- og ungdomsorganisasjon, NMSU  
Indremisjonsforbundet  
Kristen idrettskontakt  
Norges KFUK-KFUM  
Norges KFUK-KFUM-speidere  
Norges kristelige student og skoleungdomslag  
Norges speiderforbund  
Norsk Luthersk Misjonssamband  
Norsk søndagsskoleforbund  
Ung kirkesang

I tillegg vil det gå ut informasjon til **prosjektkyrkjedar, nasjonale/regionale prosjekt og mentorar** med informasjon om at høyringa er open, og at dei er velkomne til å svare.